

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		12.01.2021

## Rammer for tilskotsordningane til trafikktrygging i 2021

### Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet fastset rammene for tilskotsordningane til trafikktrygging i 2021 i tråd med tilrådinga. Av 16,818 mill. kr sett av til FTU-midlar i 2021 vert følgjande fordelt til tilskotsordningane:

Rammer for tilskotsordningane til trafikktrygging i 2021		Sum ramme
Post		Sum ramme
Tilskot til trafikktryggingsaktivitetar		2 000 000
Tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar		1 300 000
Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak		10 600 000

2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber fylkesdirektøren om å koma attende til utvalet med sak om fordeling av dei resterande FTU-midlane for 2021.

### Samandrag

Fylkesdirektøren legg her fram forslag til rammer for tilskotsordningane til trafikktrygging i 2021. Nye retningslinjer i tilskotsordninga for fysiske trafikktryggingstiltak gjer det naudsynt å fastsetta rammene tidleg. Øvre grense for tilskot vert tilpassa den venta ramma for tilskotsordninga. Ordninga vart lyst ut 21. desember, med søknadsfrist 1. februar. For 2021 føreslår fylkesdirektøren at ramma for tilskotsordninga til fysiske ts-tiltak vert auka. Fylkesdirektøren vil koma attende med sak om fordeling av dei resterande FTU-midlane.

Dina Lefdal  
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

John Martin Jacobsen  
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Budsjettet for 2021 vart vedtatt av fylkestinget i møtet 15.-16. desember 2020 (i politisk sak 137/2020). For løvingsnivå FTU-midlar vert det sett av drygt 16,8 mill. kr. i 2021. Løvingsnivået høyrer til driftsbudsjettet under *infrastruktur og veg*. Driftsbudsjettet er her ei vidareføring av 2020-budsjettet, justert for pris- og lønsvekst, og med administrativt innsparingsprogram innarbeidd. FTU-midlane har i 2020 vore i underkant av 16,4 mill. kr.

### Fordeling av FTU-midlane

Om FTU-midlane står det følgjande i budsjett dokumentet:

Løvingsnivået har eit budsjett på 16 818 mill. kr. Løyvinga er det Trafikktryggingsutvalet (FTU) som disponerer. Midlane vert mellom anna nytta innafor 3 ulike tilskotsordningar:

- Fysiske trafikktryggingstiltak
- Utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar
- Trafikktryggingsaktivitetar

Løyvinga skal også dekkje driftskostnader til Trygg Trafikk, jf. samarbeidsavtalen. I tillegg ligg det her midlar til trafikktryggingspris for Vestland fylkeskommune. Trafikktryggingsutvalet gjer vedtak om ei fordeling av midlane.

FTU-midlane finansierer det aller meste av det breie trafikktryggingsarbeidet som fylkeskommunen er involvert i. Det er her innsatsen retta mot kommunane og ulike trafikantgrupper i hovudsak hentar sine midlar. Fylkesdirektøren vil presisera at det her er fleire tiltak enn dei som er nemnt i budsjett dokumentet.

Det er hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) som fastset fordelinga av FTU-midlane, etter innstilling frå trafikktryggingsutvalet (FTU). I år ønskjer fylkesdirektøren at løvingsnivået vert fastsett i to trinn. Trinn 1 er å fastsetta rammene for tilskotsordningane i første SAMO-møte i 2021. FTU vil her ikkje ha høve til å innstilla, grunna møteoppsettet. Trinn 2 er å fastsetta resten av FTU-midlane i andre SAMO-møte (17. februar). Her vil FTU innstilla i møtet sitt 25. januar. Bakrunnen for den trinnvise fastsettinga er dei reviderte retningslinene for tilskotsordninga for fysiske trafikktryggingstiltak, og eit behov for tidleg utlysing og vedtak om tildeling frå ordninga.

### Endra retningsliner og tidleg utlysing

I politisk sak 171/2020 vedtok fylkestinget (i desember-møtet) reviderte retningsliner for tilskotsordningane til trafikktrygging. Tinget slutta seg til fylkesrådmannen sine forslag til endringar. For tilskotsordninga til fysiske trafikktryggingstiltak vart det mellom anna føreslått desse endringane:

- I. Den definerte øvre grensa for tilskot per tiltak (250.000 kr) vert tatt vekk. Det skal framleis vera ei øvre grense, men denne vert fastsett for kvar utlysing, ut frå den venta ramma for tilskotsordninga.
- II. Øvre tilskotssum vert tilpassa den venta ramma, slik at ramma tillèt 8-12 tilsegn om tilskot med maksimal sum.

I dei reviderte retningslinene er formuleringa «den venta ramma» nytta. Dette er gjort for å opna for at tilskotsordninga kan verta lyst ut før rammene for tilskotsordningane er fastsett. Det er ønskeleg at flest mogleg av kommunane som får tilsegn om tilskot får ferdigstilt tiltaka sine i løpet av året. Tildeling frå tilskotsordninga bør difor skje relativt tidleg i 2021. Fylkesdirektøren vil fremja tildelingssaka for FTU i møtet 15. mars, og har sett søknadsfrist for tilskotsordninga 1. februar. For å gi kommunane tid til å førebu søknadar vart tilskotsordninga lyst ut 21. desember 2020, med etterhald om at fastsetting av ramma vil kunna medføra endringar i den øvre grensa for tilskot.

Som ein kan sjå av endringane i retningslinene over, skal øvre grense for tilskot verta fastsett for kvar utlysing. Vidare skal det vera eit visst forhold mellom tilskotsgrensa og ramma for tilskotsordninga. Ved fastsetting av rammene for tilskotsordningane i første SAMO-møte, vil me då ha tid til å gi kommunane beskjed dersom fastsettinga medfører endringar av betydning.

### Vedtakskompetanse

I følgje punkt 3.6.1 i budsjettreglementet i gjeldande budsjett dokument, har FTU «mynde til å fordele løyvinga på løvingsnivå FTU-midlar på ulike tilskotsordningar samt mynde til å tildele tilskot innafor sitt ansvarsområde». FTU har i sitt reviderte reglement (fastsett av fylkestinget 29/9-

20, politisk sak 111/2020) fått mynde til å vedta tildeling av tilskot fra ordningane til trafikktrygging. FTU har *ikkje* fått mynde til å fordela løvingane til løvingsnivået FTU-midlar. Her gjeld framleis punkt 3.2 i reglement for økonomiforvaltninga, som gir dette myndet til hovudutval for samferdsel og mobilitet. Her heiter det seg at hovudutvala har «mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løvingsnivåa i driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettreglement og dei årlege budsjettvedtak». Også i 2020 hadde me denne motstriden mellom budsjettreglement og utvalsreglement. I slike tilfelle er det utvalsreglementa som gjeld. Vedtakskompetanse i denne saka ligg såleis til hovudutvalet.

## Vurderingar og verknader

### Økonomi:

Tilskotsordningane hentar sine midlar fra løvingsnivået FTU-midlar, fastsett gjennom vedtaket av budsjett for 2021.

### Klima:

Trafikktryggingsarbeidet gir viktige bidrag i arbeidet for ei meir klimavenleg reisemiddelfordeling, då tryggleik er ein viktig faktor for å få fleire til å ta beina eller sykkelen fatt.

### Folkehelse:

Fysiske trafikktryggingstiltak kan bidra positivt til folkehelsa, både ved at dei gir færre skadde og drepne i trafikkulykker, og ved at trygge trafikkmiljø fremjar fysisk aktivitet gjennom gåing og sykling.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Mål 2 i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 seier at klima og miljø skal vera ein premiss for samfunnsutviklinga. Strategi 2.1 seier at «Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.» Syner til «Klima» for koplinga her.

Mål 3 har lokalsamfunna som ramme for gode kvardagsliv. Strategi 3.1 seier at «Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar». Strategi 3.2 seier at «Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket». Tryggleik er ein viktig del av opplevinga av ein stad som attraktiv, og for folk sin mobilitet. Klimavenleg stadutvikling krev trygg ferdsel til og i sentra, til skular og fritidsaktivitetar og til kollektivtransporten.

## Vurdering av rammer for tilskotsordningane

Fylkesdirektøren føreslår rammer for tilskotsordningane for 2021 ut frå vurderingane som følgjer:

### Tilskot til trafikktryggingsaktivitetar

Tilskotsordninga har to årlege tildelingar. Etter siste tildeling sto det att eit mindreforbruk på 369.300 kr. Dette vart tilført ramma til tilskotsordninga for kommunale trafikktryggingsplanar. I det spesielle året me har vore gjennom, har mange tilskotsmottakarar måtte utsette aktiviteten dei har planlagd. Desse har fått høve til å få tilskotet overført til 2021. Fylkesdirektøren ventar såleis at ein del av dei «faste» søkjearane ikkje kjem til å søkja om tilskot i 2021. Me vil framleis måtte forholda oss til korona-situasjonen i 2021, og det vil kunna få konsekvensar for aktivitetsnivået i det lokale trafikktryggingsarbeidet. Fylkesdirektøren ønskjer likevel å halda på den same ramma for tilskotsordninga som i 2020. Ordninga er meir etablert no, og forhåpentleg vil me nå ut til nye potensielle søkjrar.

### Tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar

I 2020 hadde me tolv søkjrarar til tilskotsordninga, og delte ut heile ramma samt mindreforbruket frå ordninga for ts-aktivitetar til arbeidet med kommunale ts-planar - til saman 1.369.300 kr. Om me føreset at kommunane reviderer planane kvart fjerde år, vil det i snitt vera i underkant av 11 kommunar som startar ein ts-planprosess kvart år. I realiteten vil søkjartalet variera frå år til år. Historisk sett har ikkje alle kommunar revidert planane sine ein gong per planperiode. Tilskotsordninga har ei øvre grense for tilskot per søknad på 150.000 kr, og det er eit krav om kommunal eigendel på 50 prosent. Vanlegvis søker ikkje alle om maks tilskotssum. Fylkesdirektøren føreslår ei ramme på 1,3 mill. kr. til tilskotsordninga.

### Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak

I 2020 vart det sett av 5,6 mill. kr. til tilskotsordninga. Ordninga skal ha *e/årleg* tildeling, men det var få søknadar til den opphavlege tildelinga, så ordninga vart lyst ut på nytt. SAMO etterlyste meir fleksible retningslinjer, som gjorde det mogleg å tildela større tilskot enn det maksgrensa på

250.000 kr tillét. Reviderte retningsliner er no på plass, og gjer det mogleg å tilpassa øvre grense for tilskot til storleiken på ramma for ordninga. Ved tilføring av ekstra midlar til ramma vil ein auka maksgrensa, og tilskotsordninga vert slik meir attraktiv for kommunane. Tilskotsordninga er lyst ut med ei øvre grense for tilskot på 1 million kroner. Ut frå nye retningsliner inneber det ei ramme på 8-12 mill. kr. Fylkesdirektøren føreslår at det vert sett av 10,6 mill. kr til ordninga. Auken i høve 2020-budsjettet er knytt til at fylkesdirektøren tilrår å legge løyvinga til *trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring* (5 mill. kr.) inn i tilskotsordninga.

#### **Resterande postar under FTU-midlane**

Framlegg til fordeling av resterande midlar vert fremma i 2. møte i SAMO (17. februar). FTU vil då ha høve til å innstilla til vedtaket. Det vart i 2020 nytta knappe 3,2 mill. kr. til dei resterande postane. Desse postane inkluderer mellom anna:

- Aktivitets- og driftsmidlar til Trygg Trafikk
- Støtte til prosjekt Hjertesone i Bergen
- Trafikktryggingsprisen
- Kunnskap, kompetanse og kampanjar (t.d. den årlege trafikktryggingskonferansen)
- Trafikktryggingsarrangement for avgangselever i vidaregåande skule
- Refleks

Som følgje av fylkesdirektøren si tilråding til rammer for tilskotsordningane, står det att drygt 2,9 mill. kr. til fordeling på dei resterande postane. I 2021 har me forplikta oss til å støtta prosjekt Hjertesone med 250.000 kr, mot 500.000 kr. i 2020. Fylkesdirektøren vurderer også at det ikkje er behov for ei like stor ramme til refleks som i 2020. Samla sett meiner fylkesdirektøren at 2,9 mill. kr. gir eit godt handlingsrom for det viktige trafikanretta arbeidet som desse postane finansierer.

#### **Konklusjon**

Ut frå vurderingane ovanfor rår såleis fylkesdirektøren til følgjande rammer for tilskotsordningane i 2021:

Løvningsnivå FTU-midlar - rammer for tilskotsordningane			
Post	Budsjett 2020	Forslag 2021	Kommentar
Tilskot til trafikktryggingsaktivitetar	2 000 000	2 000 000	Mindreforbruk i 2020. Usikkert behov i 2021.
Tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar	1 000 000	1 300 000	Behovet større enn ramma i 2020.
Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak	5 604 000	10 600 000	Nye retningsliner tilpassa ekstraløyvingar
Trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring	5 000 000		Vert del av ordninga for fysiske ts-tiltak
Sum, tilskotsordningar og løying trygg skuleveg	13 604 000	13 900 000	
FTU-midlar, vedtatt	16 376 000	16 818 000	
Overført frå førre år til ramma for fysiske ts-tiltak	404 000	Sum ikkje avklart	Midlar frå tilsegn som ikkje vert nytta, heilt eller delvis.
Samla til disposisjon	16 780 000	16 818 000	
Til fordeling på resterande postar under FTU-midlane	3 176 000	2 918 000	Halvering av støtta til Hjertesone-prosjekten. Lågare behov refleks.